



GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	saksnr
FELLESRÅDET	Mai 2015	09 - 2015

Avgjerd av: FR	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Kurt Djupvik	Arkiv:	463

SAK 09 – 2015 « VEIVAL FOR FREMTIDIG KIRKEORDNING », HØYRING.

Innleiing.

Kyrkjemøtet har bedt Kyrkjerådet legge fram ei sak om grunnleggjande vegval for framtidig kyrkjeordning. Denne saka er no på høyring. Høyringsvara vil gje grunnlag for saka som skal kome til handsaming i Kyrkjemøtet våren 2016. Det vidare arbeidet vil føre til endringar i dei ulike regelverk som kyrkja vert styrt etter.

Høyringa handlar med andre ord om fasen etter 2017 og at ein forventar at forvaltningsråma for eit tydeleg skilje mellom staten og kyrkja då er gjennomført.

Vi er glade for at alle organ i kyrkja er høyringsinstansar i denne viktige saka. Fellestrådet vil elles peike på at det er viktig at heilskapen og oppgåvene som kyrkja skal løyse vert i varetakne og at ein må sikre ei landsdekkande kyrkje. Vi vil også peike på at soknet er «navet» i kyrkja, og denne lokale eininga vert styrka. Styringsmønsteret og økonomien til kyrkja må avspegle dette.

Sokneråda og Fellestrådet i Gloppen vil med denne uttalen svare på dei 27 spørsmåla i høyringa.

Etter at dokumentet har vore ute på høyring, vil Kyrkjerådet etter planen i 2016, gje uttrykk for sine vurderingar og tilrådingar med bakgrunn i dei signal som kjem fram i høyringa. Dei vegvala som Kyrkjemøtet føretar i denne saka vil leggje vesentlege føringar for dei konkrete utformingane av kyrkja sine ordningar.

VISJON FOR KIRKEORDNINGEN.

Ny ordning for Den norske kyrkje skal bidra til:

- At kyrkja kan utføre sitt oppdrag i ei ny tid.

- At de dømte kjenner glede ved å tilhøre kirken.

Den nye ordningen skal sikre:

- God kirkelig betjening over heile landet.
- God ressursutnyttelse – mer kirke for pengene.

Ordningen skal bidra til å gi kirkens frivillige medarbeidere:

- Glede og frimodighet i arbeidet.

- Tro på fellesskapet.
- Tro på egne ressursar.

Ordningen skal bidra til å gi rådsmedlemmene:

- Glede ved å delta.
- Reell innflytelse.
- Gode beslutningsunderlag.
- God administrativ støtte i arbeidet.

Ordninga skal bidra til å gje dei tilsette:

- Glede i arbeidet.
- Tid til kjerneoppgåvene
- Tydelege og forutsigbare leiingsstrukturar

Når det gjeld kyrkjeverja sine framlegg til vedtak i denne saka er følgjande vilkår vektlagde:

- Framleis kommunalfinansiering av den lokale kyrkja
- DNK framleis skal ha gravferdsforvaltninga.

Eit fellestrekk i dei fem nordiske landa er at oppgåvene ved rørande gravplassforvaltninga lokale ligg til det lokale nivået i dei nasjonale evangelisk-lutherske kyrkjene. D.v.s. at dette ikkje er ei særnorsk ordning.

Det er også viktige moment i kyrkjeverja si vurdering dei føringane som Kyrkjemøtet nyleg har fatta . Ein vil her nemne spesielt:

- Soknet fortsatt den grunnleggande eininga i DNK samt sjølvstendig status som sjølvstendig rettssubjekt.
- DNK ynskjer framleis vidareføring av både ansvaret for gravferdsforvaltninga og kommunen sitt ansvar for å finansiere DNK.

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Svar : JA

For å verkeleggjere ønskje om ei sterk lokal kyrkje med stor handlefridom, sjølvstyre og reell medbestemmelse, må eit samla og heilheitleg arbeidsgjevaransvar plasserast på eit nivå nær sokna. Det er stor skilnad på fjernstyring via delegasjon og reelt sjølvstyre.

Det bør gjerast endringar i fordelinga av oppgåver og mynde mellom det lokale, regionale og nasjonale nivået.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

JA.

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja vert teken vekk, eller blir vesentleg redusert, vil folkekyrkja endre karakter , og det er tvilsomt om ein vil kunne halde fram som ei landsdekkande folkekyrkje. Ei livssynsavgift er ikkje noko alternativ som finansieringskjelde åleine.

Den noverande finansieringsordninga er ei svært god ordning for DNK.

Kommunane dekker i dag ca. 2/3 av kyrkja sine totale driftskostnader (m.a. vedlikehald av bygg, anlegg, gravplassar og største delen av lønsutgiftene). Det er svært viktig for kyrkja at kommunen held fram med denne finansieringa av di dei er nær på den lokale kyrkja og dei ser kva verdi kyrkja har for lokalsamfunnet. Denne nære relasjonen gjev kyrkja eit godt utgangspunkt når vi saman med andre kommunale etatar «konkurrerer» om kommunale midlar.

Finansieringsforma vi har i dag er avgjerande for at vi framleis skal ha ei landsomfattande folkekyrkje.

3

Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Ei kombinasjonsløyning. Der størstedelen vert finansiert av det offentlege i kombinasjon med ei livssynsavgift som vert kravd inn av alle over skattesetelen.

4

Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Ved overgang til større fellesråd vil det ikkje vere trong for meir enn tre nivå i kyrkja. Det vil sei at vi då berre vil ha sokneråd, fellesråd og kyrkjemøtet. I tillegg vil ein gå frå to til ei arbeidsgjevarlinjer.

Alle bispedøma i landet er geografisk plasserte i større byar. Dersom bispedømmerådet vert fjerna, vil Biskopen kunne ha kontorfellesskap i fellesrådet som er lokalisert i desse byane. Biskopen vil såleis kunne nytte fellesrådet sin administrasjonen i ein kombinasjon med noko av noverande administrasjon. (Modellen kan ha nokre fellestrekk med dagens ordning der prosten er knytt opp mot eit større fellesråd i kvart prosti).

5

Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Soknet skal framleis vere den grunnleggande eininga hjå DNK. Det bør leggjast til grunn at kyrkja skal halde fram med å vere landsdekkande. Men av di geografi og folketal er så ulikt frå stad til stad og mellom by og land kan ein på det noverande tidspunkt ikkje lage ein mal som passar alle stadar. Derfor vil ein måtte komme tilbake til korleis dette skal tilpassast slik at ein framleis kan ha ei landsdekkande folkekyrkje.

Det er avgjerande for lokalkyrkja sin eksistens at vi framleis får halde fram med å ha gravplassforvaltninga.

6

Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Kyrkjeverja si tilråding til vedtak:

Ja.

Avdi dagens ordning med to organ fungerer godt. Når det er to organ, får soknerådet høve til å ha merksemda på det som skal vekkje og nære det kristelege livet, og fellesrådet vil kunne konsentrere seg om det som krev spesialkompetanse d.v.s. kyrkjebygga, personale, gravplassane og økonomi.

7

Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Fellesrådsnivået bør ligge på eit justert prostinivå eit nivå som er samanfallande med den storleik som vert ved eventuell overgang til ny kommunestruktur. Dette med tanke på den finansieringsordninga kyrkja har i dag.

8

Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Dei endringane som truleg vil kome som ein konsekvens av at kommunane vert større, vil innebere større avstand geografisk mellom fellesråd og sokneråd. Derfor må ein sikre at dei enkelte sokn får eit reelt høve til å påverke utviklinga i soknet m.a. ved tilsetjingar og økonomiske prioriteringar.

9

Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

All verksemd til soknerådet bør vere inkludert i styrings- og leiingsansvaret for sokna sine organ inkludert prestetenesta.

10

Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Den bør organiserast slik at sokna er av ein slik storleik at dei framleis kan oppretthalde eit kontor eller base for kvart sokn.

11

Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Biskopens tilsynsfunksjon bør utviklast og tydeleggjerast for prestar og andre vigsla medarbeidarar. Men biskopen bør ikkje utøve arbeidsgjevarfunksjonar for prestane. At tilsynet ikkje må vere samanfallande med arbeidsgjevarfunksjonen, er i dag synleg ved at biskopen utøver tilsyn overfor kyrkjeleg tilsette som ikkje biskopen er arbeidsgjevar for. Biskopen har og skal ha ein viktig rolle for å sikre kyrkja sin einskap i lære og vedkjenning. Ved endring av tilsynsfunksjonen er det nødvendig at biskopen får nye middel for å utøve tilsynet og dette må sikrast gjennom vedtak i kyrkjeordninga. Det er viktig at biskopen i framtida vert sikra ei sentral rolle ved tilsetjingar av dei vigsla medarbeidarane.

12

Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Personar som skal tilsettast i vigsla stillingar, vil berre kunne tilsetjast på vilkår om biskopen sin godkjenning til ordinasjon/vigsling.

Biskopen må ha ordningar der vedkommande kan oppheve ordinasjonsfullmaktene og for tap av desse ved avskjed, oppseiing og suspensjon.

I tillegg må biskopen ha ansvaret for forordning av gudstenester og dei lokale planane for diakoni, kyrkjemusikk og undervisning/trusopplæring.

13

Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Dagens ordning vert vidareført med eventuelle mindre justeringar.

14

Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Det er ikkje nødvendig å oppretthalde bispedømmerådet som eit demokratisk vald organ.

Rådet sine noverande oppgåver bør i staden ivaretakast av andre organ.

Nokre oppgåver vert derfor lagt til biskopen der det er naturleg, medan andre oppgåver vert lagt til det nye prostinivået.

15

Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Jfr. Svar 14.

16

Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Ja.

Det er viktig å ha eit felles arbeidsgjevaransvar med felles mål, forplikting og strategi. Dette kan ein oppnå på best måte med eit felles arbeidsgjevaransvar.

Det vil måtte innebere større fellesrådsområde med arbeidsgjevaransvar på nivå med ny kommunestruktur.

17

I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Arbeidsgjevarfunksjonen bør samlast på eit organ for eksempel justert prostinivå (fellesråd). (Jfr. spørsmål 16).

18

I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Fellesråd på justert prostinivå bør vere hovudregelen. Men av di landet har så ulik geografi og busetnad bør ein ikkje utelate andre løysingar heilt.

19

Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Ved at prosten har eit fagleg leiaransvar for prestatenesta og dei stillingane som omfattar forkynning og opplæring.

20

Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Kyrkjemøtet skal vere det øverste representative organet i DNK og skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske lære.

Kyrkjerådet må avlaste kyrkjemøtet, og få utvida sitt mynde. Kyrkjemøtet må få høve til å konsentrere seg om retning, mål, organisering og økonomi.

21

Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Kyrkjemøtet bør setjast saman som i dag. D.v.s. Biskop (automatisk med), prest vald av prestane i bispedømet, ein lek kyrkjeleg tilsett vald av dei kyrkjelege tilsette i bispedømet. Dei resterande sju medlemmane vert vald av sokneråda ved indirekte val i bispedømet. Ved nominasjon til Kyrkjemøtet bør erfaring med råds- og anna kyrkjeleg arbeid verte særleg vektlagt.

22

Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Bispemøtet bør få eit saksføre bunde ansvar for lære og liturgisaker til kyrkjemøtet, medan kyrkjerådet vil vere ansvarleg for å førebu dei resterande sakene som skal handsamast av Kyrkjemøtet.

23

Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

For å ivareta biskopane si sjølvstendige rolle bør Bispemøtet sin preses ha rollen med å ivareta arbeidsgiverfunksjoner for de øvrige biskopane. Preses og biskopane og deira stab bør tilsetjast av Kyrkjerådet.

24

Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Kyrkjerådet har i dag eit passande tal medlemmer. For å sikre geografisk spreining bør det vidareførast ei ordning om at kvart bispedøme må ha minst ein representant. Kyrkjerådet bør tilstrebe at minst 20 prosent av representantane er personar under 30 år og kvart kjønn er representerte med minst 40 prosent.

25

Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Med bakgrunn i at DNK si lærenemnd ikkje har vore i funksjon sidan 1996 (19 år sidan sist), er det naturleg at dei oppgåvene som har vore lagt til nemnda i framtida vert ivareteken av Bispemøtet.

26

Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Samisk kirkeråd bør halde fram som eit råd under Kyrkjemøtet og medlemmene vert oppnemnt som i dag.

27

Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

KYRKJEVERJA SI TILRÅDING:

Det kyrkjeleg ungdomsdemokratiet bør verte ein del av kyrkjeordninga vedteken av Kyrkjemøtet. Dei gjeldande funksjonane til ungdomane sitt Kyrkjemøte held fram som dei som no gjeld.

Breim og Hyen sokneråd sluttar seg til kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD SITT VEDTAK :

Gloppen kyrkjelege fellestråd støttar kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak med små endringar. Endringane vart innarbeidd i kyrkjeverja sitt framlegg. Vedtaket var samrøystes.